

## Oddvar Vignes



Foto: Kees André Zwickler Fjellvang

**I 2009** sat Oddvar Vignes i Oslo og skreiv avskjedsbrev til dei heime på garden på Nordre Vignes. 13 år seinare er Oddvar blitt 42 år gamal, gift og har ei dotter. Dei bur i ein generasjonsbustad på heimgarden hans på Finnøy i Rogaland, ein gard han overtok i 2018. Oddvar er ein erfaren foredragshaldar og underholdar, forfattar og sauebonde. Han leverte sommaren 2022 masteroppgåve med tittelen «Har hensikt og endringsklarhet endra seg mellom to generasjonar mjølkebønder, og i så høve korleis?» I august 2022 kom han ut med boka "Sjølvmordsforsøket" på Samlaget.

Foredrag:  
**"Finn deg sjølv,  
før andre gjer det"**

Det er no 13 år sidan Oddvar vart skriven ut av Ullevål sjukehus. Den morosame i gjengen, han med dei gode kommentarane, hadde prøvd å ta sitt eige liv. Familie og vener var i sjokk, **korleis kunne dette hende?** «Finn deg sjølv, før andre gjer det», er eit foredrag om kor viktig det er å vere ærlig med seg sjølv. Med hjelp av mykje **humor og varme**, fortel Oddvar kva det tek av tid, fellesskap og vilje til å komme attende. Om ei reise mot slutten som vart starten til noko nytt. Om livet, og kva moglegheiter me har, om me berre finn oss sjølve.



Foredrag:  
**"Vert det aldri godt nok?"**

I masteroppgåva til Oddvar frå 2022 var eit av funna at uttrykket «**godt nok**» og «det berre er slik» gjekk igjen. Ikkje minst fant ein at det som var godt nok for førre generasjon, ofte ikkje var godt nok for den nye generasjonen som skulle overta. «Vert det aldri godt nok?» tek føre seg korleis «godt nok» ikkje er eit statisk uttrykk, men noko som er i stadig. Det som er **godt nok for bonden** innan drifta kan verte utfordra av **reglar og forskrifter**. Foredraget tek utgangspunkt i eige liv og gard, masteroppgåve og nylege hendingar i mediene, og vert formidla med eit stort glimt i auga. Tema som vart omhandla er mellom andre generasjonsskifte, forholdet til tilsynsmyndigheiter, eigenrevisjon og kva det vil seie at noko er godt nok.

Foredraget kan og kombinerast med livets store belønning, gruppearbeid. Der vil fokuset vere på korleis og kvifor norsk landbruk ser så forskjellig ut alt etter som kva rolle ein har som tilskodar. Caset vil ta utgangspunkt i ei aktuell medieending.

**Bestilling**

Ta kontakt på  
oddvar.vignes@gmail.com eller  
telefon 98662631  
for meir informasjon eller bestilling.